

## Rotary hedra Kjell Høydal

Distriktsguvernør Gunnar Kvalsund og David Wallwork, grunnleggjar av The David School i Sierra Leone, sto for den høgtidlege overrekkinga av Paul Harris Fellow med to safirar til Kjell Høydal i Volda Rotaryklubb. Dette skjedde under Rotary si distriktskonferanse i helga.

Bakgrunnen for tildelinga er den store innsatsen Kjell har lagt ned i The David School dei siste åra. Han har reist på fleire turar til skulen, og har vore sentral i planlegging, prosjektering og utbygging av bygg og tekniske installasjonar. Blant anna var han sentral i å få skaffa og montert eit solcelleanlegg som gir elektrisitet til skulen.

Kjell sin store og viktige innsats for skulen har gjeve ringverknader, og det er no mange andre rotarianarar som er med på å støtte prosjektet. Det er også henta inn store bidrag frå næringslivet. Rundt 100 av dei 350 elevane ved skulen vert no sponsa av ei fadderordning som blant andre Kjell står i spissen for. Det er samla inn pengar og gjeve støtte til både grunnskule, videregående skule, lærarar- og sjukepleiarutdanning. Vaktmesteren ved skulen har også fått støtte til teknisk opplæring.

Under ebolakrisa gjekk Kjell i front for å etablere naudhjelp til skulen. Støtta kom svært godt med både hos det lokale sjukehuset og spesielt var det viktig å få matvarehjelp til ein svært hardt ramma landsby, der 60 personar døde av epidemien.

Kjell har mange vener i Sierra Leone både blant lærarar og elevar, så det er alltid stor stas når han kjem på besøk. Han er med i styret for The David School Trust, som eig skulen. Trustet er registrert i frivillighetsregisteret i UK, og ein vert då lagt inn under kontroll, slik at myndighetene ser at pengane går dit dei skal.

Den første turen Kjell tok til Sierra Leone var motivert av at han ville finne ut kva støtta frå Volda gjekk til. Etter denne turen vart hjartet hans verande der nede, og han seier at han ikkje har planar om å ta det med heim med det første. Det betyr at han kjem til å fortsette arbeidet for skulen og Sierra Leone.

Vi som jobbar saman med han i dette arbeidet er utruleg glade og stolte på han sine vegner og for at han har blitt hedra på denne måten. Dei som ynskjer å vite meir om The David School eller bli fadderar, kan finne mykje informasjon på Volda Rotary sine heimesider.

John Stennes – Frank Vatne

Bilete: John Stennes